



**DIMNA IDRETTSKLAG**  
Dimna  
6065 Ulsteinvik

# Innbyding til Sparebanken Møre leikane i Ulsteinhallen 28. november 2020

I samråd med kommunelegen i Ulstein har vi bestemt å arrangere Sparebanken Møre leikane også i år. Vi har derfor gleda av å invitere utøvarar frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane til Ulsteinvik 28. november.

Sidan smittesituasjonen i landet har ført til kraftig innstramming i smittevernreglene så gjer dette at stemnet må endrast i forhold til tidlegare år. Det kan kun vere 50 personar i hallen samtidig (deltakarar og trenarar). Foreldre/publikum får ikkje sleppe inn i hallen.

Stemnet blir derfor også arrangert i 3 puljer. Når kvar pulje er ferdig må alle forlate hallen før vi kan slippe inn neste pulje.

Stemnet vil ikkje ha plass til rekruttar. Kun klassene 11 til 19 år kan delta. Yngre utøvarar kan ikkje melde seg på i 11 års klassa.

Klasse	Stemnestart kl 11.00	Tidsramme
11-12 år	60 m, 200 m, lengde	11.00-12.30
13-14 år	60 m hk, 60 m, 200 m, lengde	Adgang til hallen 12.45. Slutt 14.40
15-19 år og senior	60 m hk, 60 m, 200 m, 400 m, lengde, kule	Adgang til hallen 15.00. Slutt 17.00
Kvar deltakar kan maks delta i 3 øvingar		

## Tidsramma

Tidsramma vil nok bli litt justert når vi har fått inn påmeldinga og ser kor stor deltaking det blir i dei ulike øvelsane

## PÅMELDING:

Påmelding via online påmelding i Min idrett eller Sportsadmin. **Påmeldingsfristen er mandag 23. november kl. 23.59.** Ev. etterpåmeldingar (mot dobbel startkontingent) kan sendast på e-post: [pamelding@dimna.no](mailto:pamelding@dimna.no). Det vil ikkje vere mogeleg å melde seg på stemnedagen.

**Trenarar** melder seg på til: [pamelding@dimna.no](mailto:pamelding@dimna.no) innan onsdag 25. november. Oppgi kva aldersgruppe du er trenar for. Kvar klubb kan stille med maks 1 trenar. Trenaren vil ikkje ha tilgang til indre bane. Det kan vere ulike trenarar i dei ulike gruppen.

Det er derfor viktig at utøvarar som blir påmeldt er så sjølvstendige at dei klarer seg sjølve inne på bana.

## Tidsskjema

Vi har laga eit utkast til tidsskjema som du finner på vår nettside [dimna.no](http://dimna.no). Dette vil bli justert litt når vi har fått inn påmeldingane.



**Sparebanken  
Møre**



**DIMNA IDRETTSKLAG**  
Dimna  
6065 Ulsteinvik

#### **STARTKONTINGENT OG PREMIERING:**

Kr. 100,- pr. start. Det vil bli sendt faktura på startkontingenten til klubben.

Det vert medaljar til dei tre beste i kvar øving i gute- og jenteklassene frå 11 år og eldre. Det vert også deltakarpremiar til alle i klassene i 11 og 12 års klassa.

#### **Gjennomføring i hht. Corona retningslinjer for arrangement**

Stemnet vil bli gjennomført i hht. gjeldande retningslinjer for slike arrangement på stemnedagen. Pr. i dag betyr det bl.a. maks 50 deltakarar (deltakarar og trenarar). Det vil ikkje vere plass til publikum. Alle må sette seg inn i gjeldande retningslinjer for deltaking i slike arrangement. Vi minner spesielt om at du blir heime om du ikkje føler deg heilt frisk.

#### **ANNAN INFORMASJON:**

I alle løpsøvingane vert det tid avgjerande (ingen finaler). **I Ulsteinhallen er det berre lov med butte 6 mm innandørspiggar. Inne i hallen må ein også ha reine joggesko. Sko som blir brukt ute til oppvarming el.l. kan ikkje nyttast inne i hallen.**

Ytterlegare informasjon kan rettast til: Arve Hatløy tlf. 41 47 61 48. Informasjon om stemnet (tidsskjema og deltakarliste) vil også bli lagt ut på vår heimeside [www.dimna.no](http://www.dimna.no).

#### **TRENINGSSAMLING SØNDAG**

Søndag 29.11 arrangerer kretsen treningsamling i hallen. Invitasjon til denne kjem frå kretsen.

#### **OVERNATTING**

For overnatting kan vi anbefale Quality Hotel Ulstein tlf. 70013000. For gode priser bruk reservasjonskode: #7206



**Sparebanken  
Møre**